



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2581 - 22/36497

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
11.05.2022

Varsel om overtredelsesgebyr trekkes - Advarsel ved gjentakning - gbnr 137/63 Alver

Tiltak: Ulovleg igangsatt grunnarbeid
Byggjestad: Gbnr: 137/63 Alver
Tiltakshavar: Mga Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Utførande: Farmer Entreprenør AS

Saka gjeld

Alver kommune har vorte merksam på at grunnarbeid på eigedom med gbnr 137 / 63 vart satt i gang utan at det låg føre løyve eller igangsettingstillatelse.

Alver kommune var på synfaring den 18.03.22. Etter synfaringa gav kommunen pålegg om stans og gav førehandsvarsel om gebyr for brot med følgjande grunngjeving;
Alver er av den oppfatning at brotet i dette høvet er forsettlig/uaktsamt fordi alle aktørane i prosjektet er profesjonelle foretak som forventast å ha god kjennskap til regelverket. Det er søkt om løyve til tiltak på eigedommen, så det er utvilsomt at arbeida er søknadspliktige og at aktørane kjente til dette. Kommunen vurderer saka slik at ein likevel har valgt å sette i gang med prosjektet sjølv om det ikkje ligg føre løyve i saka og at brotet dermed er både forsettelig og uaktsomt.

De har sendt uttale til kommunen i denne saka. Kommunen har vurdert saka på nytt etter innkomne merknader 07.04.22.

Merknadene går i hovudsak ut på uhensiktsmessig lang saksbehandlingstid og manglande tilbakemeldingar både i forbindelse med behandling av VA-søknad og byggesøknad.

Avdeling for Miljø & tilsyn har gått gjennom historikken i sakene og er samd i begge påstandane. Når det gjeld behandling av VA-søknad har det blitt sendt inn søknad med seinare suppleringar og det er ikkje gitt noko tilbakemelding frå kommunen innan rimeleg tid. Når det gjeld byggesøknaden er denne ikkje komplett før det ligg føre godkjent VA-plan. Det

har imidlertid teke uhensiktsmessig lang tid for byggesak å gje tilbakemelding om dette. Vi forstår begge sakene slik at det er kommunen si handsaming som har teke for lang tid.

På bakgrunn av vurderinga over vil det ikkje fattast vedtak om ilegging av gebyr for brot.

Advarsel

Kommunen vil likevel gjere merksam på at sjølv om saksbehandlingstida har vore for lang, gjev dette ikkje anledning til å gå i gang med arbeid før det ligg føre løyve. Det er ikkje rett som påstått i merknad 07.04.22 at saka er sendt inn som ei sak med 3 veker behandlingstid, og at ein soleis kunne gå i gang med arbeida.

Saka er, som det går fram nedanfor, søkt om som ei sak med 12 veker behandlingstid.

VILKÅR FOR 3 UKERS SAKSBEHANDLING

Tiltaket oppfyller *ikke* kravene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd.

For saker med 12 veker behandlingstid er kravet i plan- og bygningslova at det skal ligge føre løyve før ein går i gang med arbeid. Dette kravet er ikkje følgd.

Kommunen gjev med dette ein advarsel til Arkoconsult AS, Mga Eigedom AS og Farmer Entreprenør AS ettersom de har brote reglane i plan- og bygningslova. Gjentekne brot vil medføre ein strengare reaksjon frå kommunen.

Saka er med dette avslutta.

Aktuelt regelverk

- Varsel om gebyr for brot etter plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 og byggesaksforskriften (SAK10) kapittel 16.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSE N
Farmer Entreprenør AS	Øvre Sagstad 110	5919	FREKHAUG
Mga Eiendom AS	Lurevegen 850	5912	SEIM